

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva retorikk er – kunna dei retoriske appellformene • Kunna seia noko om korleis språk kan påverka • Vita noko om korleis språk påverkar gjennom digitale medium
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • Talk about journeys and different type of journeys • Nouns
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna teikna grafen til ein funksjon og bruka den til å løysa oppgåver • Kunna lesa av og tolka diagram • Repetera måla me har arbeida med i år; sjå læringsmål til halvårsvurderinga på OneNote.
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Reflektera over korleis menneska har påverka naturen gjennom historia • Forklara kva endringar jordbruksrevolusjonen og den industrielle revolusjonen førte til • Forklara korleis liva våre er forma av den industrielle revolusjonen • Omgrep: revolusjon, industrialisering, mekanisering, urbanisering, elektrisitet, vasskraft, det grønne skiftet
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna seia noko om kva gode verdiar er • Kunna seie noko om Sokrates, Platon og Aristoteles
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Diskutera kva som er meint med omgrepet seksualitet • Diskutera kvifor det er viktig at ungdom kjenner sin eigen kropp og sine egne grenser • Gjera greie for korleis kjønnsorganane er bygde opp, og kva funksjon dei ulike delane har • Forklara kva som skjer i dei ulike stadia i menstruasjonssyklusen • Kjenna til nokre nettsider og andre kjelder med korrekt og god informasjon om tema som handlar om seksualitet
Kunst og håndverk	<p>Todeling av klassen.</p> <p>Eine gruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunna designa og brodera eit bokmerke etter visse kriterie. <p>Andre gruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunna designa, bruke verktøy og laga ein dyrefigur i tre
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Skriva enkle faktatekstar om Noreg • Rett uttale • Presentera munnleg for kvarandre • Auka ordforråd
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna snakka om daglegdagse situasjonar • Kunna uttrykka seg spontant

	<ul style="list-style-type: none"> • Auka ordforråd
Arbeidslivsvalg	<ul style="list-style-type: none"> • Me skal førebu uteområda til 17.mai • Lage og plante i plantekassar • Søke jobb for arbeidslivsvalg på 9.trinn.
Kroppsøving	<p>Symjing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utføra varierte symjetechnikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing <p>Innsats:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegga og gjennomføra turar i nærmiljøet • Ha sporfri ferdsel
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal <p>Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</p>

INFORMASJON TIL HEIMEN

Jobbskugging 5. juni

5.juni er det jobbskugging for elevane. Dei skal vere med ein kjenning, far, mor, onkel, tante eller liknande ein heil arbeidsdag. De kan starte arbeidet med å finne ein høveleg jobb. Meir info kjem seinare.

Kristi himmelfart

Torsdag 14. mai er Kristi himmelfartsdag og ein fridag. 15. mai er inneklemd dag og elevane får då også fri. Nyt langhelga!

17. mai

17. mai fell i år på ein søndag i ei langhelg, men me håper likevel å sjå alle elevane i toget! Møt opp på Bryne stadion kl 09.15 i finstasen med godt humør og flagg i handa!

Tinestafetten 6. mai

Onsdag 6.mai blir Tinestafetten arrangert på Lye stadion. Dei elevane som vil vera med på stafetten er påmelde på fleire lag. Me syklar samla opp til skulen. Ha på treningsklede før du kjem til skulen. Du får utdelt t-skjorte og startnummer i kantina før me syklar opp. Ta med matpakke og drikke.

For dei som ikkje skal springa stafetten, vil det bli arrangert Tinestafett-løpet for alle elevane i 5.-6. time på skulen. Ha på treningsklede før du kjem på skulen. På dette løpet kan du springa fort, jogga eller gå. Det vil vera ulike lengder på løypene.

Helsing oss på 8.trinn

VURDERINGAR	
Veke	Fag, innhald
19	Munnleg vurdering i naturfag i naturfagstimane
20	
21	Matematikk, skriftleg halvårsvurdering, onsdag 20.05
	Innlevering av film om berekraft i samfunnsfag innan fredag 22.05.

HEIMEARBEID VEKE 19	
Norsk	Les 3 X 15 minutt i boka di. Registrer sidetalet til læraren din i slutten av veka.
Engelsk	Read 2x15 min. in your book, write the amount of pages in the log on ON.
Matematikk	Gjer minst 4 av repetisjonsoppgåvene som ligg i innholdsbiblioteket på OneNote (inndelinga halvårsvurdering vår). Gjer oppgåvene i arbeidsboka di, ta bilete av arbeidet ditt, og legg det inn under heimearbeid i matematikk på OneNote.
Samfunnsfag	Les side 193-199. Vel 3 av spørsmåla side 199, og svar på desse.
Spansk	Arbeid med munnleg oppdrag som er lagt ut på ON.
Tysk	Sjå lekse på onenote veke 19.
Kroppsøving	Symjing for 8B og 8D i veke 19.
Friluftsliv	Vi skal sykle til Ree og spele padel. Hugs sykkel, hjelm, drikkeflaske og tilpassa sko. Alle møter i klasserommet.
Kantine	Møt i klasserommet med iPad

HEIMEARBEID VEKE 20	
Norsk	Les 3 X 15 minutt i boka di. Registrer sidetalet til læraren din i slutten av veka.
Engelsk	Read 2x15 min. in your book, write the amount of pages in the log on ON.
Matematikk	Gjer minst 4 av repetisjonsoppgåvene som ligg i innholdsbiblioteket på OneNote (inndelinga halvårsvurdering vår). Gjer oppgåvene i arbeidsboka di, ta bilete av arbeidet ditt, og legg det inn under heimearbeid i matematikk på OneNote.
Samfunnsfag	Jobb med filmen din om eit berekraftsmål.
Spansk	Arbeid med munnleg oppdrag som er lagt ut på ON.

Tysk	Jobb med dei munnlege spørsmåla du har fått.
Kroppsøving	Symjing utgår pga fridag.
Friluftsliv	Uavklart, følg med på teams.
Kantine	Møt på kjøkken med innesko, forkle og iPad

Bryne ungdomsskule 
